

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

**Terje Søviknes** sette på vegner av Frp, H, V, KrF, SV, Sp og A fram slikt forslag:

"Innstillinga, med slike endringar:

Justert punkt 2 a):

Ein miljømodell vert lagt til grunn, med krav om lågutslepp. Nullutsleppsteknologi vert førebudd der dette kan forsvarast teknologisk og økonomisk. Modellen må likevel tilpassast forventningar om statleg tilskot, utvikling i kostnadsnivå og teknologi.

Tillegg punkt 4:

Neste generasjon ferjekontraktar vert utforma som bruttokontraktar *med incentivordningar for ferjeselskapa*.

Tillegg punkt 10:

Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen/fylkesordføraren tek initiativ overfor andre ferjefylke for å koordinere ei felles oppmoding om auka statleg finansiering av ferje- og båtruter innan fylkeskommunane sitt inntektssystem, ref. varsla gjennomgang av kostnadsnøkkelen for ferje- og båtruter våren 2015.

**Aud Karin Oen** sette på vegner av SV fram slik protokollmerknad:

"Representanten frå SV meiner vedtaket om miljøstrategi for neste runde med ferjeandbod kan gje eit viktig bidrag til grønt skifte i Noreg. Motorteknologi for lågutslepp og nullutslepp er klar. Det er no opp til våre politiske val om me skal starte no eller om 10-14 år.

Representanten frå SV ber om at samferdselsutvalet og fylkesutvalet vert haldne løpande orienterte om den iverksettinga av grønt strategi som fylkesrådmannen tilrår.

Fylkesordføraren vert oppmoda om å ta kontakt med regjeringa og Stortinget med sikte på å få til ein finansieringsplan for grønt skifte for ferjeflåten som kan gjelde for heile ferje-Noreg."

### Røysting

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet viser til at ferjene våre vert å rekne som ein del av vegsystemet og spelar ei heilt avgjerande rolle i folks kvardag i Hordaland. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen arbeide for å auke dei statle-ge overføringane til ferjedrifta for dermed å sikre ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i Hordaland.
2. Fylkesutvalet har som målsetting at ferjeflåten i neste generasjon kontraktar vert fornya og at ferjedrifta skal bli meir driftssikker og miljøvennleg. Ein føreset at:
  - a) Ein miljømodell vert lagt til grunn, med krav om lågutslepp. Nullutsleppsteknologi vert førebudd der dette kan forsvarast teknologisk og økonomisk. Modellen må likevel tilpassast forventningar om statleg tilskot, utvikling i kostnadsnivå og teknologi.
  - b) Tilpassingar i rutetilbodet til trafikkgrunnlaget vert vurdert, spesielt i område med endringar i infrastrukturen.
3. Kontraktlengde skal vere på mellom 8 og 14 år, inkludert opsjonar.

4. Neste generasjon ferjekontraktar vert utforma som bruttokontraktar med incentivordningar for ferjeselskapa.
5. Fylkesutvalet ber regjeringa starte eit prosjekt for miljøvenleg ferjeteknologi. Hordaland bør vera pilotfylke.
6. Fylkesutvalet føreset at det vert stilt krav om backup for framdriftsmotorar på samband der dette er særleg aktuelt ut i frå tryggleik og driftssikkerheit, og på samband der det ikkje er omkøyringshøve.
7. Fylkesutvalet ber om at alderskrava på ferjemateriellet vert gjennomgått med tanke på behov for generell fornying av ferjeflåten.
8. Fylkesutvalet føreset at det er vært stilt krav om universell utforming av materiellet, uavhengig av kryssingslengd.
9. Det må stillast krav til fylkessamband at dei skal ta imot lærlingar.
10. Det vert forventa at staten bidrar med friske midlar til finansiering.

Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen/fylkesordføraren tek initiativ overfor andre ferjefylke for å koordinere ei felles oppmoding om auka statleg finansiering av ferje- og båtruter innan fylkeskommunane sitt inntektssystem, ref. varsla gjennomgang av kostnadsnøkkelen for ferje- og båtruter våren 2015.

11. Fylkesutvalet ber om at arbeidsforhold og tryggleik for passasjerar og mannskap vert lagt vekt på.
12. Fylkesutvalet føreset at det vert gjeve løypemeldingar til samferdselsutvalet og fylkesutvalet undervegs i arbeidet med utarbeiding av anbudsgrunnlag.

#### **Protokollmerknad frå SV**

Representanten frå SV meiner vedtaket om miljøstrategi for neste runde med ferjeanbod kan gje eit viktig bidrag til grønt skifte i Noreg. Motorteknologi for lågutslepp og nullutslepp er klar. Det er no opp til våre politiske val om me skal starte no eller om 10-14 år.

Representanten frå SV ber om at samferdselsutvalet og fylkesutvalet vert haldne løpande orienterte om den iverksettinga av grønt strategi som fylkesrådmannen tilrår.

Fylkesordføraren vert oppmoda om å ta kontakt med regjeringa og Stortinget med sikte på å få til ein finansieringsplan for grønt skifte for ferjeflåten som kan gjelde for heile ferje-Noreg.